

Notat/spørsmål om openheit/transparens i kommunar

Det hender at politisk leiing og/eller administrasjonen har møte med «utanforståande» som vil drøfte problemstillingar knytte til drifta i kommunen. Dette kan vere om utbygging av bustadfelt, andre typar tiltak i kommunen eller spørsmål om etableringar.

Slike møte kan ha konsekvensar for vedtak som blir fatta i kommunale organ på seinare tidspunkt.

Spørsmål som dukkar opp er desse:

- Når kan slike møte vere lukka?
- I fall det er heimel for å lukke eit møte med politisk leiing og/eller administrasjonen: Skal det lagast eit referat frå slike møte?
- I fall det skal lagast referat: Kan politiske organ som skal fatte vedtak i saker som angår innhaldet ha innsynsrett i eit slikt referat?
- Er det i det heile i tråd med den openheita ein skal ha i kommunal forvalting å ha møte utan innkalling/agenda, og utan referat?

Ønskjer at Konsek prøver å svare på dette, og kome attende med svar på neste møte i Kontrollutvalet i Skaun kommune.

Kristoffer Uppheim